

Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Videomøte/fjernmøte
Dato:	11.05.2020
Tid:	10:00 - 13.45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Stian Femoen	Leiar	H
Lars Fjeldstad	Nestleiar	SP
Iiril Kristine Schau Johansen	Medlem	H, til kl. 13.20
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Jostein Ljones	Medlem	SP
Ingrid Handeland	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ragnhild Hus Fagerbakke	Renate Møgster Klepsvik	H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jon Askeland	Fylkesordførar, sak PS 43/20
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, sak PS 43/20 - PS 45/20
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi, sak PS 43/20 - PS 45/20
Marianne Vara	Vestland Revisjon KU, sak PS 44/20
Bjarne Ryland	Partner i Deloitte
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor i Deloitte
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef i Vestland fylkeskommune
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i sekretariat for KUV i Vestland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for KUV i Vestland fylkeskommune

Dan Femoen
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift.

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 7/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	2020/1065	
Politiske saker			
PS 43/20	Fylkesordførar og fylkesrådmann orienterer om personalsak	2020/45667	
PS 44/20	Årsrekneskap og årsrapport frå Sogn og Fjordane fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet	2020/46484	
PS 45/20	Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet	2020/46484	
PS 46/20	Godkjenning av prosjektrekneskap universell utforming - Uttale frå kontrollutvalet	2020/48379	
PS 47/20	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune 2020	2020/48382	
PS 48/20	Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen i 2020	2020/46484	
PS 49/20	Prosjektrekneskapar for vegprosjekt	2020/48379	
PS 50/20	Forvaltningsrevisjon innan tannhelse - Forslag til prosjektplan	2020/48608	
PS 51/20	Forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik - Forslag til prosjektplan	2020/48610	
PS 52/20	Tidlegare leiarar i kontrollutvala i HFK og SFFK orienterer om sine erfaringar	2020/44291	
PS 53/20	Selskapskontroll av Skyttel AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2020/44280	
PS 54/20	Handlingsplan - Selskapskontroll av Ferde AS	2020/44275	
PS 55/20	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2	2020/45561	
PS 56/20	Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular	2020/48378	
PS 57/20	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring	2020/45564	
PS 58/20	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/44278	
PS 59/20	Eventuelt	2020/37320	
Referatsaker			
RS 29/20	Ad kontrollutvalget i Vestland Fylkeskommune - Forslag til tema KU bør ha oppmerksomhet på nå.	2020/45667	
RS 30/20	Gjeldsutviklinga i Vestland fylkeskommune	2020/46484	
RS 31/20	FKT - medlemsinformasjon mai 2020	2020/777	

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 8/20 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 21.04.2020 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 43/20 Fylkesordførar og fylkesrådmann orienterer om personalsak

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Då dette gjeld ei personalsak er informasjonen som kjem fram unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Fylkesordførar, Jon Askeland, fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesdirektør organisasjon og økonomi, Ingrid Holm Svendsen orienterte om personalsak utvalet har fått henvending om og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter sams drøfting vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering og går ikkje vidare med henvendinga. Vidare oppfølging av saka vert handtert av fylkesrådmannen.

PS 44/20 Årsrekneskap og årsrapport frå Sogn og Fjordane fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen gjere greie for prosessar i samband med påpeikingar frå revisor i revisorbrev nr. 6-2019 i kontrollutvalsmøte 16.09.2020.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, presenterte resultatet av rekneskapen for 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Marianne Vara frå Vestland revisjon KO, svarte på spørsmål om den gjennomførte revisjonen av fylkesrekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2019.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen gjere greie for prosessar i samband med påpeikingar frå revisor i revisorbrev nr. 6-2019 i kontrollutvalsmøte 16.09.2020.

PS 45/20 Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 16.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, presenterte resultatet av rekneskapen for 2019 for Hordaland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjonen av fylkesrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2019.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 16.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.

PS 46/20 Godkjenning av prosjektrekneskap universell utforming - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen å vurdere om rutinane på dette området er gode og dekkande nok.
4. Utvalet ber Deloitte heretter levere revisjonsmeldingar på nynorsk som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen å vurdere om rutinane på dette området er gode og dekkande nok.
4. Utvalet ber Deloitte heretter levere revisjonsmeldingar på nynorsk som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

PS 47/20 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune, til etterretning.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte uavhengighetserklæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dei orienterte også om oppdrag dei har hatt for Hordaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune ut over oppdrag bestilt frå kontrollutvalet. Skriftleg oversyn vert send kontrollutvalet etter møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune, til etterretning.

PS 48/20 Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen i 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2020 frå Deloitte AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevings-kontroll vert lagt fram i møte 16.09.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 26.08.2020.
3. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 25.11.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 11.11.2020.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, og partner i Deloitte, Bjarne Ryland, presenterte revisjonsplan for 2020 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2020 frå Deloitte AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevings-kontroll vert lagt fram i møte 16.09.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 26.08.2020.
3. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 25.11.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 11.11.2020.

PS 49/20 Prosjektrekneskapar for vegprosjekt

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg samd med fylkesrådmannen i hans oppsummering når det gjeld prosjektrekneskap for vegprosjekt og tar informasjonen så langt til orientering.
2. kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status for handsaming av prosjektrekneskapar fylkesveggar til møte i kontrollutvalet 12.10.2020. Sakstilfanget vert å levere sekretariatet innan 28.09.2020.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg samd med fylkesrådmannen i hans oppsummering når det gjeld prosjektrekneskap for vegprosjekt og tar informasjonen så langt til orientering.
2. kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status for handsaming av prosjektrekneskapar fylkesvegar til møte i kontrollutvalet 12.10.2020. Sakstilfanget vert å levere sekretariatet innan 28.09.2020.

PS 50/20 Forvaltningsrevisjon innan tannhelse - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan tannhelse frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2020.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2020, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kari Gåsemyr, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan tannhelse og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom slike innspel til endringar/presiseringar i prosjektplanen:

- klagebehandling (t.d. antall klager, kor mange som får medhald og kor mange klager som går vidare til neste ledd og kor mange av desse fekk medhald).
- om tannbehandlinga har god nok fagleg kvalitet i høve tilgjengelege ressursar.
- har tannhelsetenesta god nok kompetanse til å avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep.

Kontrollutvalet vart samde om at Deloitte leverer redigert prosjektplan innan 25.05.2020. Vidare vart det semje om at kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne korrigerert prosjektplan.

Med nytt punkt 4 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan tannhelse frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2020.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigerert prosjektplan.
5. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2020, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 51/20 Forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2020.

3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 11.11.2020, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet 25.11.2020 og i fylkestinget 15.12.2020.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektplanen vart samrøystes vedteke. Det betyr at punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 11.11.2020, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet 25.11.2020 og i fylkestinget 15.12.2020.

PS 52/20 Tidlegare leiarar i kontrollutvala i HFK og SFFK orienterer om sine erfaringar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode, Inge Reidar Kallevåg, og leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i førre periode, Frank Willy Djuvik, orientere kort om sine erfaringar som leiarar i kontrollutvalet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 53/20 Selskapskontroll av Skyttel AS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i arbeidet med selskapskontroll av Skyttel AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 54/20 Handlingsplan - Selskapskontroll av Ferde AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Ferde AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av selskapet til møte i utvalet 12.10.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 21.09.2020.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Ferde AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av selskapet til møte i utvalet 12.10.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 21.09.2020.

PS 55/20 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - del 2», innan 21.09.2020.
2. I tilbakemeldinga for punkt 1 må det gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - del 2», innan 21.09.2020.
2. I tilbakemeldinga for punkt 1 må det gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift.

PS 56/20 Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbetningsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av rapporten for punkta 1, 2 og 3 til møtet i utvalet i november 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 04.11.2020.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbetningsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av rapporten for punkta 1, 2 og 3 til møtet i utvalet i november 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 04.11.2020.

PS 57/20 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6, 7, 8 og 9 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, innan 04.11.2020.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6, 7, 8 og 9 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, innan 04.11.2020.

PS 58/20 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|--|------------------------------|
| • Fylkesutvalet | 08.04., 23.04. og 30.04.2020 |
| • Hovudutval for opplæring og kompetanse | 20.04.2020 |
| • Hovudutval for samferdsel og mobilitet | 28.04.2020 |
| • Hovudutval for kultur, idrett og integrering | 21.04.2020 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 59/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, orienterte om elektronisk system, DigDem, som skal takast i bruk for talerliste, replikk og avrøysting i fylkesting, fylkesutval og dei andre politiske hovudutvala.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Referatsaker

RS 29/20 Ad kontrollutvalget i Vestland Fylkeskommune - Forslag til tema KU bør ha oppmerksomhet på nå.

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Kontrollutvalet vart samde om at innspela frå Klaus Iversen vert teke med i det vidare risiko- og vesentlegarbeidet som pågår og som skal danne grunnlag for forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet tar innspela frå Klaus Iversen med i det vidare risiko- og vesentlegarbeidet som pågår og som skal danne grunnlag for forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.

RS 30/20 Gjeldsutviklinga i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesordførar, Jon Askeland, kom med supplerande informasjon til saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 31/20 FKT - medlemsinformasjon mai 2020

Saksprotokoll 11.05.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.